

Prosjekt, Rekonstruksjon av Borgund stavkyrkje

Viser til e-post frå Håndverksinstituttet sendt 20. juni, om avklaringar rundt roller, behov og innsatsfaktorar inn i prosjektet med rekonstruksjon av Borgund stavkyrkje.

I det følgjande er våre foreløpige tankar om moglege bidrag.

Aust Agder museum og arkiv (AAMA) ser svært positivt på prosjektet. Å kunne huse og være ein del av eit nasjonalt viktig kompetansebyggingsprosjekt, vil vere ei spennande og inspirerande oppgåve for museet. Prosjektet kan skape ei unik plattform for formidling av kunnskap og historie, og generell auke i aktivitet og interesse for tradisjonshandverket. Nasjonalt, regionalt og lokalt.

AAMA har etablerte fagmiljø i Setesdal, og har kunnskap mellom anna innan bygningsvern, formidling og dokumentasjon. Setesdal bygningsvernssenter har fagressursar med lang erfaring frå gjennomføring av restaurerings- og rekonstruksjonsprosjekt, med særleg kompetanse på mellomalderbygg.

Setesdal bygningsvernssenter er, i samarbeid med Agder fylkeskommune, aktive innan kurs og temasamlingar om bygningsvern og tradisjonshandverk. Det vil være naturleg å knytte mykje av denne aktiviteten til stavkyrkjeprojektet. Dette er positivt også for kompetanseheving for tilsette på museet, men også for lokale handverkarar som vil kunne ta del i prosjektet. Lokalt sett er dette svært positivt, ikkje berre for ivaretaking av stavkyrkja for ettertida, men også for vedlikehald av den viktige bygningsarven i Setesdal.

AAMA har moglegheit til å tilby ressursar for utleige inn i prosjektet. Dette gjeld tradisjonshandverkarar for lokal byggjeleiing og instruksjon, og tilsette med kvalifikasjonar innan dokumentasjon og formidling. AAMA vil også arbeide med å leggje til rette for utleige av lokale (laftehall, møteromsfasilitetar og kontorplassar) verktøy og maskinar til prosjektet.

Eit stavkyrkjeprojekt vil være ei nasjonal hending og attraksjon på mange nivå, og vil potensielt kunne føre til stor aktivitet ved museet, i Setesdal og i Agder. Vi ser fram til progresjon i prosjektet og vidare samtalar.

For Aust-Agder museum og arkiv IKS/ Setesdal bygningsvernssenter

Rysstad 18.08.2023

Ane Gunhild Uleberg

Rådgivar bygningsvern

